



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/26	Eldrerådet	31.08.2026
32/26	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2026
33/26	Ungdomsrådet	31.08.2026
33/26	Utval for helse, kultur og oppvekst	03.09.2026

Detaljreguleringsplan for Vågsholmen B5 - innspel til varsel om oppstart.

Samandrag:

I tråd med vedtak om høyring fatta i Utval for samfunnsutvikling den 16.06.2026 har Ose as lagt ut planinitiativ for ovannemnde sak på høyring.

Det vert no fremja ei sak der råd og utval kan kome med innspel til planarbeidet.

Eldrerådet 31.08.2026

Behandling:

Røysting (5 røysteføre):

Eldrerådet tek saka samrøystes til vitande.

E - 33/26 Vedtak

Saka vert teken til vitande.

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Administrasjonen kunngjer med dette at ovannemnde sak har vorte godkjent for planoppstart. Både politiske råd/utval og andre kan derfor kome med høyringsuttalar.

Bakgrunn

I tråd med vedtak om høyring fatta i Utval for samfunnsutvikling den 16.06.2026 har Ose as lagt ut planinitiativ for ovannemnde sak på høyring.

Har rådet/utvalet innspel til dette?

Kunngjeringa omfattar utvalsvedtak, varslingskorrespondanse frå plankonsulent, planinitiativ, arealplankart med plangrense, utsnitt frå topografisk norgeskart med planområde lagd over, utfylt ROS-sjekkliste, referat frå oppstartsmøte, og oversikt over høyringspartar.

For å sikre breiast mogleg medverknad har administrasjonen ansvar for å vidareformidle kunngjeringa til råd og utval som kan ha interesser i saka. Råda og utvala skal kunne gi tilbakemeldingar på sine ansvarsområde til det vidare planarbeidet.

Vi legg derfor fram kunngjeringa som politisk sak, og anbefaler dykk å kome med høyringsuttalar innan fristen, som videresendast til plankonsulent.

Administrasjonen vil sikre at merknadar frå råd - og utval vert sendt over til konsulent etter det er gjort vedtak.

Trond Arne Rossi Aglen	Ole Magne Rotevatn
Kommunedirektør	Avdelingsleiar utvikling